

<b>Kva:</b>	Møte nr. 03 23-25 i Hopp- og Kombinertkomiteen
<b>Tidspunkt:</b>	Torsdag 4. januar 2024, kl. 20:30-21:30
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER</i> <i>Sak 16 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>Sak 17 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 02 23-25 HKK</i>  <i>DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 18 23-25 Terminlista hopp og kombinert 2023-2024</i> <i>SAK 19 23-25 Rekruttering – aktivitetsplan</i> <i>SAK 20 23-25 Eldsjelprogram i NSF Hopp</i>  <i>EVENTUELT</i> <i>SAK 21 23-25 Brukt hoppstyr</i>
<b>Til stades:</b>	Jon Ove Lomheim, Jan Inge Årdal, Rune Rebni Pedersen, Lars Brekke, Johnny Seljeset og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	
<b>Merknad:</b>	Jon Ove Lomheim deltok ikkje i SAK 20 23-25
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## REFERATSAKER

### Sak 16 23-25

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

### Sak 17 23-25

#### Godkjenning av protokoll nr. 02 23-25 HKK

##### Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 02 23-25 i Hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg. Protokollen er også godkjent elektronisk tidlegare.

##### VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 02 23-25.



## DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 18 23-25 Terminlista hopp og kombinert 2023-2024

#### Bakgrunn

Terminlista for hopp og kombinert 2023-2024 er lagt ved som eige vedlegg.

#### VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen vedtek terminlista slik den føreligg. Datoar for SFEhopp Cup er retningsgivande og kan endrast om andre datoar høver betre for arrangørklubb.

### SAK 19 23-25 Rekruttering – aktivitetsplan

#### Bakgrunn

Leiar i HKK utarbeida rekrutteringsplan for hopp og kombinert i Skikrinsen. Planen vert presentert i møtet.

I samband med rekrutteringsarbeidet til Sogn og Fjordane Skikrinsen er det oppretta eit rekrutteringsutval som jobbar tett med Skiklubbutviklar.

Referat frå møte nr. 1 i utvalet vart presentert i møtet.

#### VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

### SAK 20 23-25 Eldsjelprogram i NSF Hopp

#### Bakgrunn

Jamfør SAK 14 23-25 i hopp- og kombinertkomiteen har komiteen gjort vedtak om å innstille følgjande kandidatar til NSF Hopp sitt eldsjelprogram:

- Årets eldsjel: Jon Ove Lomheim
- Årets frivillige: Erlend Sie

I møtet handsama komiteen grunnjævnad for kandidatane.

#### VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at adm. følgjer opp grunnjævnad for Jon Ove Lomheim.

Vidare gjer komiteen vedtak om at ein ikkje innstiller kandidat til *årets frivillig* denne gongen.

## EVENTUELT

### SAK 21 23-25

#### Brukt hoppstyr

#### Bakgrunn



Overgangen frå hoppleik til hopping med hoppputstyr er nyttig for å få med ungdommar i hoppporten. Innkjøp av nytt hoppputstyr (hoppbindingar, sko, hoppdress m.m.) er dyrt og utfordrande å få tak i brukt hoppputstyr.

## **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen drøfta saka i møtet og fremma følgjande innspel:

- Facebooksida «kjøp og salg av hoppputstyr»
- Bruke søknadsordningar til å finansiere innkjøp av utstyr (både brukt og nytt).
- Kontakte hopparar som har lagt opp eller hopparar som har mykje utskifting av hoppputstyr.

**Neste møte i HKK:** Midten av februar (digitalt via Microsoft Teams)

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim (s)  
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)  
Referent